



27. juni 2016

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
v/Sissel Brusegård
Askedalen 2
6863 Leikanger

Vedlegg 1 – utgreiing om Reiselivsfaget

Nordfjord Opplæringskontor har våren 2016 arbeida offensivt saman med fleire sentral reiselivsaktørar i Stryn Kommune og Gloppen Kommune for å skape læreplassar i reiselivsfaget. Ved søknadsfrist 1.mars 2016 var det tre (3) søkjarar som hadde søkt om læretid i bedrift i reiselivsfaget. Det eksisterte på same tid ingen registrerte ledige læreplassar i Sogn og Fjordane innan dette faget. Etter intensiv jobbing saman med nemnte samarbeidspartnarar har vi lukkast å skape læreplassar innan dette fagområdet. Vidare har aktørane jobba målretta for å sikre rekruttering til resepsjonsfaget. Status i dag er at tre til fire elevar ynskjer å ta læretid i dette faget frå hausten 2016.

Nordfjord Opplæringskontor starta dette arbeidet med bakgrunn i dialog med opplæringsavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune, og var våren 2016 fleire gongar i dialog med opplæringsavdelinga for å avklare om opplæringskontoret måtte søkje om eiga godkjenning for kontoret i faget eller om medlemsavtale med bedrifter som blei godkjente i faget var tilfredstillande for å operere som opplæringskontor innan fagområdet. Etter dialog sendte Nordfjord Opplæringskontor 14. Juni over medlemsavtaler frå to aktørar, samt søknad om godkjenning for bedriftene i reiselivsfaget (RLV3-01) i visshet om at dette var tilfredstillande. Det viser seg i etterkant av dette at kontoret må søkje om eiga godkjenning i faget, og dette er også bakgrunnen for søknaden om godkjenning i fleire programområder.

Under føresetnad av at Nordfjord Opplæringskontor blir godkjent som opplæringskontor for reiselivsfaget (RLV3-01) og Resepsjonsfaget (RES3-01) har vi eit mål om å skape inntil 10 nye læreplassar i faga innan 2018. Vi har allereie saman med medlemsbedrifter to lærlingar i reiselivsfaget og to lærlingar i resepsjonsfaget som ynskjer å starte si læretid frå hausten 2016.

Vi ber med dette opplæringsnemnda om ei positiv behandling av søknaden. Eit anna utfall av saken vil vere særst uheldig for dei elevane som ynskjer å gå ut i lære hausten 2016, og vil vere særst uheldig sett i lys av satsinga på reiselivslinja ved Stryn Vidaregåande Skule.

Det toårige (2år) opplæringsløpet i reiselivsfaget vil bli organisert ved at lærlingane skal hospitere på ulike arbeidsplassar i løpet av læretida si. Dette for å sikre dei breie erfaring, spanande læreplasser og større kompetanse frå ulike delar av reiselivet. På



**Nordfjord
Opplæringskontor**

den måten er vi sikre på at lærlingane skal få stetta alle læreplanmål i VG3 Reiselivs-faget. Vi trur at dette vil sikre auka interesse for faget, og bidra positivt for rekrutteringa i reiselivsnæringa.

Med vennleg helsing
for Nordfjord Opplæringskontor

sign.
Tom-Øyvind Solheim
Dagleg leiar

sign.
Anita Vinsrygg
Styreleiar